

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 41

5914 ISDALSTØ

Dykkar ref.:

Vår ref.

Dato:

Sak/dok.: 06/01645-109

12.08.2015

Ark.: 326.12

Vedtak i namnesak 2010/11 - Lindås kommune - Fisk(e)set

Helge Fiskeseth reiste i eit brev dagsett 23. oktober 2010 namnesak for gardsnamnet *Fiskeset* på vegner av fleire oppsitjarar på garden. Kommunen hadde då nyleg gjennomført ei høyring lokalt i kommunen for det avleide adressenamnet *Fiskesetvegen*. Kartverket sende namna ut på høyring 16. desember same året, og reiste samstundes namnesak for *Fisketangen* i Lindås kommune. Stadnamntenesta kom med tilråding om skrivemåten i eit brev til Kartverket 17. april i år.

Vedtak

Med heimel i lov om stadnamn § 5 tredje ledd vedtek Kartverket Bergen at namna skal skrivast slik:

- *Fiskeset* (gardsnr. 161)
- *Fiskeset* (bruksnr. 1, 2, 3, 11 og 12 under gardsnr. 161)
- *Fisketangen* (nes)

Bruk 4 får attende *Nordre-Træ* som namn i samsvar med matrikelutkastet frå 1950, medan namna som står i hermeteikn i dagens matrikel skal setjast som eineformer på bruk 5, 6, 7, 8, 9 og 10. (Skrivemåten av desse namna er ikkje vurdert i denne namnesaka.) Kommunen må føra alle desse endringane i bruksnamna inn i matrikkelen.

Høyringssvar og drøfting

I brevet der Helge Fiskeseth reiser namnesak, viser han til skriftradisjonen for namnet, der former med *Fiske-* har vore brukt i lang tid sidan 1563, og han viser til at det står *Fiskeset* på offentlege dokument og på skilt. Han meiner skrivemåten *Fiskset* er ein dansk skrivemåte, og argumenterer med at ulike skrivemåtar skapar problem for folk som skal finna fram. Etter at høyringsbrevet vart sendt ut, skreiv han eit nytt brev der han opplyser at Seim var kongsgard for tusen år sidan, og at grunnlaget for busetnaden på Fiskeset var fiske i elva til matauk for kongens bord. Han meiner at samansetjingsmåten *Fisk-* av substantivet *fisk* ikkje høver med dette opphavet.

I eit svarbrev frå Lindås kommune skriv Jostein Mykletun at *Fisketangen* er eit nes på garden Hopland som neppe har samband med gardsnamnet *Fiskeset*, og han gjev opp uttalen *fesketångjen*. Han opplyser samstundes uttalen *feset* for gardsnamnet.

Kommunen har i høyringa ikkje uttrykt noko eige ynske om kva skrivemåte som burde leggjast til grunn, men vedtok skrivemåten *Fiskeset* for gardsnamnet og *Fiskesetvegen* for adressenamnet utan juridisk grunnlag 18. juni i år. Me finn grunn til å minna om at det er Kartverket som er vedtaksmynde for gards- og bruksnamn og naturnamn, jf. § 5 tredje ledd i lov om stadnamn. Primærnamn skal vedtakast fyrst, og avleide namn etterpå, jf. § 8 fjerde ledd i forskrift om skrivemåten av stadnamn. Kommunen kan difor fyrst vedta adressenamnet etter at gardsnamnsaka no er ferdig.

Stadnamntenesta skriv at namnet er oppført med uttalen /fi`ssæt/ i Norske Gaardnavne, og opplyser at uttalen utan vokalfuge er oppgjeven i fleire kjelder. Alle dei eldre skriftkjeldene som er nemnde i Norske Gaardnavne har likevel ein skrivemåte med e-fuge. I Norske Gaardnavne vert ulike namneformer med tostava førelekk vurderte som sannsynleg opphav til namnet, og stadnamntenesta tilrår skrivemåten *Fiskeset* på grunnlag av dette og ynsket til grunneigarane.

Kartverket vedtek i medhald av § 4 i lov om stadnamn skrivemåten *Fiskeset* med tostava førelekk, slik det opphavlege namnet truleg hadde. Det er ikkje uvanleg at trykklette stavingar fell bort i uttalen, det er eit typisk endringstrekk i talemålsutviklinga. Men den nedervde uttaleforma for førelekken er ikkje i samsvar med norske rettskrivingsprinsipp. Førelekken inneheld eit vanleg norsk ord, og rettskrivinga og skriftradisjonen må då vega tyngst. Vedtaket er i tråd med tilrådinga frå stadnamntenesta og ynsket til dei av grunneigarane som har uttalt seg.

Bruksnamn

Etter endringa av stadnamnlova med verknad frå 1. juli i år har grunneigaren rett til å bestemma skrivemåten av eige bruksnamn om han kan dokumentera at skrivemåten har vore i offentlig bruk (på offentlig kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte eller liknande), jf. § 6 andre ledd i lov om stadnamn. Det er framleis Kartverket som formelt vedtek skrivemåten, men om grunneigaren ynskjer ein annan skrivemåte enn den Kartverket har vedteke, kan han/ho senda krav om det til Kartverket, og leggja ved slik dokumentasjon.

Konsekvensar for vedtekne adressenamn

Dei endelege konsekvensane kan ikkje trekkjast før vedtaket i dette brevet er endeleg, dvs. at klagefristen er ute utan at det vert klaga, ev. etter at eventuelle klagesaker er ferdig handsama.

Når same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen vera retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane. Dersom dette vedtaket vert ståande utan at det vert påklaga, legg me difor til grunn at kommunen vedtek same skrivemåten i namnet på adresseparsellar der desse namna er nytta. Kommunen sender relaterte adressenamnedtak til Kartverket på vanleg måte, slik at me kan leggja namna inn i Sentralt stadnamnregister (SSR).

Me vil minna om dei reglane stadnamnlova har om **plikt til å bruka vedtekne skrivemåtar**, jf. § 9, spesielt fyrste setning, som har denne ordlyden: *Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd.* Det vil seia stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut.

Kommunen skal syta for at vedtaket vert gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 10 fyrste ledd i lova, og som ikkje er adressatar i dette brevet.*)

Venleg helsing
Anne Lien
fylkeskartsjef

Erlend Trones
stadnamnansvarleg

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

*) Etter § 10 i *lov om stadnamn* kan vedtak om skrivemåten påklagast av offentlege organ, grunneigarar og festarar når det gjeld gardsnamn/bruksnamn, og lokal organisasjon med serleg tilknytning til stadnamnet. Klagefristen er normalt tri veker frå meldinga om vedtaket kom fram til mottakaren. Dersom denne meldinga skjer ved offentlig kunngjering, tek klagefristen til frå den dagen vedtaket vert kunngjort fyrste gong. Eventuell klage skal sendast til Kartverket Bergen med kopi til kommunen. Klagen skal grunngevast. Dei som har klagerett, har rett til å sjå saksdokumenta, som er arkiverte hjå vedtaksorganet. Det er høve til å søkja om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klagen er avgjort.

Kopi: Stadnamntenesta på Vestlandet